

Til:
Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Oslo, 25.03.09

Prosjekt Pilegrimssenter i Røldal
Prosjektansvarleg Ole D. Hagesæther
Tostrup Terrasse 7
0271 Oslo
Telefon: 911 83 890
E-post: elh@kbd.no

Høyringsuttale frå styringsgruppa – Prosjekt pilegrimssenter i Røldal

Innleiing

Prosjekt Pilegrimssenter i Røldal viser til rapporten "På livets vei" frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Vi er glade for å få kome med vår uttale til rapporten.

Departementet tek med pilegrimssatsinga eit viktig og flott initiativ, som treffer eit engasjement og ein spiritualitet som veks i Noreg i dag, og som det er naudsynt å ta vare på. Prosjektet organiserer vandringer som alt er godt i gong, til historiske, spanande pilegrimsmål.

Satsinga vil ha betydning for mange lokalmiljø. Det er særst verdifullt at ein her tek vare på kulturhistoria, samstundes som ein knyter seg opp mot ein kyrkjeleg spiritualitet.

Natur, friluftsliv, helse, reiseliv og lokal tradisjon verkar saman på ein god måte gjennom pilegrimsmotivet. Eit styrka fokus på vegen og målet gjer vandringerne meir tilgjengelege for folk, åleine eller i organiserte grupper. Vi står framfor ei folkemobilisering med ei djupare meining bak.

Prosjekt Pilegrimssenter i Røldal

Sidan vi sendte inn dokumentasjon sist, er Pilegrimssenter i Røldal oppretta som eit kommunalt prosjekt, med ei styringsgruppe forankra i kyrkje, kommune, fylkeskommune og i Røldalsbygda. Det finst også eit lokalt dialogforum for å sikre/ivareta bygda sitt syn. Prosjektansvarleg for prosjekt Pilegrimssenter i Røldal er underteikna, og prosjektleiar er Liv Eirill Evensen frå Odda kommune. Styringsgruppa jobbar no spissa i høve til mandatet vårt, å reise eit senter – eit nybygg - ved Røldal stavkyrkje, som skal ivareta mange funksjonar for ulike brukargrupper. I 2009 skal vi få gjennomført ei arkeologisk

prøvegraving på den aktuelle tomta, og vi skal kome fram til avvegingar og konkretiseringar rundt arkitektkonkurranse, romplan og arealbehov. Styringsgruppa vil også søkje å opprette eit samarbeid med eit anna, nordisk pilegrimsmål i 2009.

Eigarskap

Prosjekt pilegrimssenter i Røldal vonar at eigarskapet til eit senter kan vere lokalt forankra, og ønskjer i utgangspunktet ikkje ei overføring av bygg til Opplysningsvesenets sitt fond.

Pilegrimsarbeidet på Vestlandet

For oss vil det vere naturleg å fokusere på det som særskilt vedkjem pilegrimsarbeidet i Røldal. Vi skal forvalte ein av dei mest særprega tradisjonane på dette feltet. Vi vurderer Røldal som eit naturleg regionalt knutepunkt, jamfør kartet over dei gamle vandringsvegane til Røldal, og vi ser regionale oppgåver lagt til Røldal som både eit ønske og noko sjølv sagt.

Selja er nemnd i rapporten som eit delansvar som kan liggje til Røldal. Her trur vi ein bør tenkje seg om ein gong til. Røldal og Selja står i heilt ulike tradisjonar både spirituelt, kulturelt og geografisk. Vi meiner at Selja bør tilførast eigne ressursar og vere eit knutepunkt på sjøvegen mellom Stavanger og Nidaros.

Kva for pilegrimsstader på Vestlandet som vert dekte gjennom rapporten, og kva for stader som ikkje vert tilstrekkeleg omtala, bør ein kanskje gå gjennom på nytt saman med dei aktuelle stadene, for å sikre at ingen vert gløymd når det store krafttaket kring pilegrimsmåla skal i gong.

Stillingar

Prosjekt pilegrimssenter i Røldal vil munne ut i ei organisasjonsform som vil ta drifta vidare. Styringsgruppa for prosjektet er sær glad for dei føreslegne stillingane frå 2010, som vil kunne leggje grunnlaget for aktivitetane ved senteret. Her er føresetnaden at dette gjeld tilføring av friske middel. Byggeprosjektet vårt har eit lengre tidsspenn enn rapporten, så kva for organ som skal forvalte desse stillingane frå 2010 av bør omtalast i rapporten. Pilegrimspresten vil naturleg ha bispedømet som arbeidsgjevar. Dei andre stillingsressursane meiner vi bør disponerast av prosjekt Pilegrimssenter i Røldal, ettersom dette er ei eining som har fått mandat både frå soknet, frå kommunen, frå fylket og frå bispedømet.

Vegen

Parallelt med arbeidet vårt har vi prosjektet i Vest-Telemark som arbeider med vegane i Telemark, og vandringar derifrå. Prosjekt pilegrimssenter i Røldal ser vegane og vandringane som viktige og sjølvstake satsingsfelt i rapporten – vegane og vandringane gjev senteret sjølvstake eksistensgrunnlaget sitt.

Dei to prosjekta er i dag parallelle prosjekt med felles kontaktpunkt, og som støttar opp om felles interesser. I eit framtidig senter ser ein for seg ei samanslåing/ samordning av desse prosjekta.

Lokal eigenart

Prosjekt Pilegrimssenter i Røldal ønskjer å fokusere på lokal eigenart i arbeidet vårt, mellom anna med eit eige, lokalt pilegrimsmærke og diplom.

Uttaler frå andre organ

Prosjekt pilegrimssenter i Røldal er kjend med at også andre relevante instansar uttaler seg.

Sluttord

Rapporten frå KKDep. kjem i rett tid; vi er klare og ønskjer å delta i den store, nasjonale pilegrimssatsinga.

Med venleg helsing

Ole D. Hagesæther
Prosjektansvarleg